



AM

UTGJEVE AV JØLSTER

- MÅLLAG -

1986 - 3 - ÅRG


# ALMEN

Hundratals år hev Almen stade  
op under flogbratte fjell.  
Klorfast innmed svadberget  
i lunaste kråi, der har han  
sitt feste med urgamle røter,  
rekk han til himmels mest  
med si lauvrike krune.

Under Almen frodiggrøne slikor  
og bergskóre, der beitande smale  
finn mette i skinnmagre vórar.  
Men over heng svartnande flogfjell  
i dirrande laustorv, under  
gapande urder, der ulukka lurar.

Til dagleg er Almen eit augnefeste  
der oppe i ville fjellet.  
Når steinsprang kom som eit gufs  
frå snaue skór med buldring  
i tronge gjel. Då minnest eg  
gamlekåna i grannegarden sa,  
«Å, stakkars arme smalekrek,  
no hakkar ramnen sitt byte, i  
urda under Almen».

Helga Fluge  
Teikning: Kari Fluge



# Jølster Mållag

## Styret 1986:

Jon Gåsemyr, formann  
Laila Hov Sandnes, Annborg Brekkhus, Ingrid Søyland  
Hope, Jarle Helgheim, Reidun Håheim Bolset (varakv.)

## Adresse til mållaget for dei som vil bli medlem:

Jølster Mållag  
Annborg Brekkhus  
6840 Vassenden i Jølster

Postgiro 3 06 13 63

Medlemspengane vert for 1987 kr. 100,-

Norges Mållag har auka medlemskontigenten til kr. 70, så kjem kr. 10, til Firda Mållag. Skal det så bli att noko til lokallaget må medlemspengane høgast til kr. 100.

## Bokdag

Laget arrangerte i år bokdag på Vassenden. Vi var så heldige å få den kjende forfattaren og lyrikaren Haldis Moren Vesaas til laget. Ho kåserte frå livet sitt saman med diktaren Tarjei Vesaas og las opp frå dikt-samlingane sine. Det var ei stor oppleving for alle som hadde funne vegen til mållaget si tilskiping.

Etter det fekk vi eit musikalsk innslag v/Kjellaug Lien som spela fløyte akkopagnert av Gunnar Smaadal på piano. Til slutt fekk vi eit friskt og vel gjennomført skodespel av Nattergalene 4H som framførde skodespelet «Den sjuke merra». Det smaka så godt med kaffi og heimebaka kaker. Det var bokutstilling av bøker for dei som var interesserte i det. Huus gav og nokre bøker til premiar for utloddinga. Mållaget tykte det var kjekt at så mange fann vegen til tilskipinga, og trur at dei som møtte fram ikkje angra på det. Det heile må karakteriserast som ei vellukka tilskiping.

## Innhald:

Almen av Helga Fluge.....	2
Jølster Mållag .....	3
Under fårlege fjell av Olav J. Befring .....	4 og 5
På besøk i Langhaugane barnehage av Annborg Marit Brekkhus.....	6 og 7
Kunstgalleri for Astrupkunst i Astruptunet av Geir Tore Vestad .....	8 og 9
Kunstnaren med mold på hendene av Anders P. Sægrov.....	10 og 11
Portrett: Kristian Fossheim.....	12,13 og 14
Nedbøren i Jølster.....	15
Fjelltind 4H - 30 år.....	16 og 17
På Amerikatur med Fjellklang .....	18 til 21
Barneside .....	22

## Årsmøte i mållaget

Årsmøtet i Firda Mållag var i år lagt til Selje hotell. Det var godt frammøte frå mange lokallag, ca. 20 medlemmer møtte fram. Vårt lag var representert ved formannen.

Årsmøtet i Noregs Mållag var i år lagt til Elverum - ein utpost for nynorsken. Det var eit godt årsmøte med livleg diskusjon. Det var særleg dei unge - Noregs Målungdom - som var aktive. Dei ønskte seg ei sterkare markering av målrørsla med klare prinsipp - og nynorsk som einaste målet i landet.



Toralf Flatjord - som her forklarar eitt av oljemåleria sine heime i stova - står for kunstnarleg utsmykking inni bladet.

# Under fårlege fjell

Av Olav J. Befring

I alle tider har folk klaga seg over naturkreftene. Vi kan berre prøve å tenkje oss vinterfiske langs kysten i gamle dagar, i opne småbåtar med berre segl og årar, utan verving og barometer. I sin «Nordlands Trompet» kunne Petter Dass fortelje om fælslege stormkatastrofer, m.a. om dei mange hundre som 23. februar 1625

omkomme for Uveyr paa Folden, hvor ey kunde føres en Traad eller Klud. Af tusinde Siæle som seilede ud kom næppe tre hundre beholden».

I ei innlandsbygd som Jølster er det oftast andre fårar som trugar, jamvel om stormskadar er kjende her og. Natt til 23. desember 1929 bles to nybygde løer over ende i austanstormen frå breen. Ei på Befring og ei på Skrede. Eigarane fekk litt tilskot frå Naturskadefondet til oppattbyggjinga, utan at eg veit kor langt det rakk. I 1822 var det sterk orkan mange stader på Vestlandet 11. mars, og mange hus «bles bort». Dagen vart sidan kalla «galmemandag». Men skadar i Jølster den gongen har eg ikkje funne omtala. I staden vart ein mann på Lunde drepent av fonnvind under høykøyring det året.

Dermed er vi inne på snøskred og fonnskadar, som er velkjende i bygdene våre. Verste skredåret ein kjenner her til lands, er 1868, då minst 161 menneske sette livet til i snøskred, 14 av dei på Heggheim i Stardalen. (Klakegg: Bygdebok for Jølster, s. 250 ff.). Lenger bak i tida fortel «Soga um Jølst» av Joleik om mange skadar og ulukker av snøskred, i baa soknene våre.

På landsplan står 1755 som eit stort skredår, utan at eg førebels har merka meg skadar i Jølster, t.d. hjå Joleik. Men på europeisk plan var det den grufulle jordskjelvkatastrofa i Lisboa Helgemessdag i høgmesse-tida som vart hugsa: 30.000 døde, og av desse var særleg mange i fullsette, samanrasa kyrkjer. Sjølve verdsbiletet til millionar av menneske vart kraftig skaka.

Frå 1669 er det hjå Joleik meldt noko som ut frå geografien idag verkar underleg. Snøskred seinhaustes frå høgste fjellet og ned i eit vatn førde til flodbølge og flaumskadar på Fonn. Dette vatnet finst ikkje no, og det kan berre forklarast med at den svære framgangen åt breen dei 80 etterfølgjande åra har fyllt det att. Kjenner nokon til muntlege eller andre overleveringar om eit vatn i området innanfor Fonn (Langedalen?) i gamle dagar?

Som vi skjønar har breen dei siste 3-400 åra gått gjennom veldige endringar. Han var liten kring år 1600, men auka langsamt framover til 1650, truleg meir enn



Olav J. Befring - her ved skrivemaskinen helme i stova i Ola-Tunet på Befring, nov. 1986.

folk den tid fekk inntrykk av. Sidan auka han snøggare, og alt frå omlag 1670 er det meldt om skadar, t.d. at han seig fram gjennom stølsbeita og øydela dei. Han heldt fram ned gjennom dalane, øydela beite og til dels dyrka mark. Elvar som han demde opp, braut seg fram i nye elvefar og laga svære skadar på den måten. I mange høve var det reint katastrofalt for dei som det råka. I 1742 øydela Nigardsbreen garden Nigard i Jostedalen. Alle husa vart knuste, men menneska både der og sidan på grannegarden Bjørkhaug berga seg såvidt.

På Tungøyane, som kring 1650 var ein av dei største og beste gardane i Oldedalen, med 40 storfe og 3 hestar, laut dei i 1728 flytte husa, for at breen ikkje skulle knuse dei. Men breen kom etter, og 1. desember 1743 vart både husa og heile innmarka åt garden totalt øydelagde av flaumvatn, is, grus og stein som sopa nedover han. Alle menneska vart drepne så nær som to. Skadane var så svære at garden jamvel gjekk ut av matrikkelen, og jorda er knapt oppattdyrka enno, så vidt eg kunne sjå då eg for forbi der i 1979.

Fullt så ille gjekk det ikkje i Jølster, endå skadane var svært alvorlege mange stader her og. Frå Haugadalen (Åmotsd. på eldre kart) vart det fortalt om det rike stølsbeitet som vart heilt øydelagt, og som naturen enno ikkje har makta å bøte stort på. Ein mann fortalde i 1903 til Tor O. Eide, Olden at breen ein gong i tida hadde knust to hus på Haugastølen og flytt eit tredje. Den dag i dag kan vi sjå ei endemorene som ligg heilt framme på stølsplassen der. Og når vi frå denne endemorena siktar på skrå opp gjennom lia på NV-sida av dalen, kan vi sjå nokre få kvite blik liggjande på ei line som peikar fram og nedetter mot endemorena,

og opp- og bortetter mot den noverande vesle brearmen. Eg er overtydd om at denne lina merkjer ut høgre sidemorena åt brearmen frå kring 1750, då Jostedalsbreen var det største han har vore i historisk tid. Denne sidemorena bør difor oppmerkjast og fotografert før ho kverv heilt, t.d. ved oppveksande skog.

Sidan 1750 har breen stort sett minka heile tida, berre avbrote av mellombelse framstøytar no og då. Men i papir frå 1700-talet kan vi lese om breskadane den gongen, og vi finn dei skildra også nede frå sjølve Stardalen. Store flaumar og elvebrot kan ha kome av at storbreen voks over alle fjell, og når det vart storregn og Bretøyr, fløynde bre-elveane opp og øydela åker og eng. Eller breen demde opp elvar som så braut seg nye far. Særleg ille var det på Fonn, der vi mellom anna kan lese om det frå åra 1709-20 (Joleik). Der vart det og mykje kringel avdi ikkje alle var like plikttoppfyllande med «Elvebygning». 22. sept. 1719 vart det halde avtaksforretning på Fonn

«Efter Lejlendingerna paa Fond deriss udviesesedez til ladelse og Resolution fra Her Skabbet (herskapet?), Stifftambt skrifueren Over Bergen, Bergen Stifft, Stafanger amt og Nordlan-derne Velædle Sewerin Sehussen, Dat: Bergen d: 30. Aug. 1719 paa Deriss ydmyge Memorial, af forregaaende 21. Julj, at grand-ske og forfare Samt skjønne paa Nogen Skade... at wære denne gaard Fond overgaaen Mercheligh Stoer Skade paa Hiemme jorden af Ager og Eng, Saalediss at Wandet paa den Eene Side haver udbrøt af en Elf, som ned flyder fra og under en forferdelig Brede af Sne og Jiss ofver Skiølet iche alleene forgangne aar dend allerbeste Ager og Eng Som paa dend slettemark war Beliggende af Hieme bøe og udsletter, medens

Jorden Stoed i sin grøde, Som Bort toeg Deriss Meste Næring af gress og Korn Wexst, Men og nu i aar ligelediss gjort ded samme, Som vi øjen-Sjunlig paa denne tiid Besaaeg og Befandt, at dend ager og Eng, Som undgich uløchen forgangen aar, er ynchelig undergaaen af Elfvenss over løb, forind Kornet Blef Skaaren Eller græsset afslaaen...»

Om den av brukarane som hadde største skaden, vart det vidare sagt:

Eftersom Skaden for Hannem er Størst foruden ded Haver wi Befunden, at Hand Boer paa Sletten i den Van Skelighet, at Hand i denne Modgang har Mist Sit ringe indsamlede Goede af Kom og Høe, for uden det Seess iche Mueligt, at Hand Kand fareløs Have Sinne Huuse paa Denne tofft de nu Staar Saasom Hand har mot Rie (har lote ride) til sit Huuss i aar for Wandetz ofverflødighed Som Wendtiss disver Herefft Wil WedHolde...»

Avtaket i landskyld vart sett til 24 merker, og av dette var 14 merker for det bruket som hadde fått husa sine kringfløytt.

Vi har nemnt ulukka i Tungøyane 1. desember 1743. I Jølster kom største flaumskadane 2-4 dagar seinare, 3. - 5. desember. I Firda nr. 36 - 1923 har dåverande lektor Ola Sandnes fortalt om dei etter gamle dokument, som meldinga frå lensmann Tollef Hansen Bjørset, dat. 9.12. året etter.

I Stardalen gjekk det då verst ut over Befring. Hjø Aksel, Johs. og enkja Ragnhild Jakobsdotter sopa flaumen bort både åker, bø, kvernhaus og kvern, «som aldrig kan forbedres». Men på den årstid var truleg

→



temperaturen for låg til at storleiken åt breen hadde stort å seie for skadane når vi ser på bygda under eitt. For det var svære flaumskadar over det meste av bygda, også langt frå breen. På Ripe, Søgnesand, indre Sunde, stor svor over Jens og Nils ytre Dvergsdal, skadar på Myklebust, Strand, Espehaug, Gjesdal, Ålhus, Øvrebø, Hegrenes og indre Årdal. Truleg var det og under flaumen Jølstravatnet stod så høgt at det rann både sørretter og nordetter, og ein kunde ro til Ålhus kyrkjegard.

I 1747 ny melding frå Fonn: To av bøndene der hadde lote flytte husa tre gonger, og no stod dei i ny fåre, venteleg for elvebrot. Men frå då av pålag tok breen til å minke att.

Ein annan fåre under bratte fjell er steinskreder. Frå Orkja har det av og til falle ned veldige fjellstykke, t.d. 24. mars 1684, etter dagboka åt ein av forfedrane mine, lensm. Jens Nilsen Nerbø. Eit nytt stort ras der i 1860 laga ei flaumbølgje som truga hus på Myklebust. 30.1.1863 kom det nytt storras same staden, og då

vart det ikkje berre med trugsmål. Fire gutar på Myklebust, 5-14 år, truleg brør, vart tekne av flaumbølgja etter raset og miste livet. Ein av dei vart ikkje atffunnen. Truleg er det frå eitt av desse rasa at muntlege overleveringar har fortalt om isblokker som vart kasta på land m.a. kring husa på Sandnes, der ein og fann daude fiskar ovanfor vegen.

Dei fleste hugsar raset frå Orkja 28.2.1959, der ein meinte at ein kvart million tonn stein hadde vore i rørsle. Sidan då er det køyrt vekk så mykje stein frå Orka-ura (til fyllinga Sunde- Kjøsnæs) at det knapt vil kome så mykje stein i vatnet frå mogelege nye storras der. Og vatnet like nedunder har vorte oppfylt og grunnare. Truleg er det vorte litt tryggare for flaumbølgjer ved Jølstravatnet no enn det har vore.

Ved Fonn har den svære Svorafonna gått over Stardalsvegen minst 7-8 gonger sidan 1920, sist 21.1.1983. Og når dette vert lese, er vi inne i ein ny vinter. Korleis vil den bli? Det KAN bli ein ny skredvinter, men oftast går det bra. Lat oss vone det beste.

# På besøk i Langhaugane barnehage

Annborg Marit Brekkhus

Ein dag i slutten av oktober tok eg ein tur i barnehagen for å sjå korleis dei hadde det der.

Langhaugane Barnehage er den største i kommunen vår, og det er Norsk Luthersk Misjonssamband som eig og driv barnehagen, med støtte frå kommunen.

Barnehagen starta i 1981, og Bjørg Wergeland



Det dårlege veret la ingen dempar på aktivitetstrongen. Her er Katrin, Odd Are, Eric og Veronika i full fart.

Sadorge har vore styrar sidan starten. I år delar ho styrarjobben med Rigmor Ellefsrud. Drifta av barnehagen gjekk heller litt tregt dei første åra. Det var vanskeleg med å fylle opp alle plassane, men dette er heilt omsnudd no. I dag er det fullt, og ein del står på venteliste. Dette syner at trongen for barnehageplassar er aukande, også i Jølster.



Her er dei som skal føre vidare dei rike vevtradisjonane i Jølster! Silja, Anne Grethe, Mariann, Ståle og Olav.

Barnehagen har to avdelingar. På småavdelinga har 23 born i alderen 2-4 år plass, og største avdelinga har 28 born. Dei fleste går 2 og 3 dagar i veka, og personalet utgjør i år 10 personar.

Barnehagen vert driven i samsvar med vedkjenninga til Den Norske Kyrkja, og målsettinga er å fremja utviklinga til kvar einskild, og å gje borna gode utviklings- og aktivitetstilhøve i eit godt og trygt miljø. Dette arbeidet krev nøye planleggjing og faste rutinar, samstundes som dei skal få utfolda seg i ulike aktivitetar som forming, song og leik.

Dagen startar med samlingsstund, og då vert borna gjerne inndelte i små grupper, for å oppnå best mogleg kontakt med kvar einskild. Etterpå driv dei med litt av kvart, nokre teikna, andre leika med dokker og nokre vev små teppe. Ei gruppe var oppteken på kjøkkenet, dei skulle lage banankake, og etter lukta å dømme vart resultatet vellukka. Ser ein seg om, legg ein merke til dei lyse og trivelege lokala. Veggene er pryda med «kunst» av alle slag, og det kjem tydeleg fram at fantasien er på topp. Hyllene inneheld bøker, spel, klosser, puslespel, bilar og mykje meir, så her skulle vera noko for einkvar smak. Alle borna har si eiga hylle, der dei har teikningar og andre saker som dei held på med.

Personalet legg stor vekt på samarbeid med foreldra, og ein gong hadde dei ope hus ei heil veke, der besteforeldre og anna slekt kunne komma og vera med borna. Dette var svært populært både for borna og dei vaksne. Eit anna populært tiltak er juleverkstad. Då er det fullt hus, og det vert produsert julegaver og julepynt av alle slag. Desse kveldane vankar det gjerne noko godt, som kaffi, julekaker og risgraut. Eg må beundra personalet for det arbeidet dei legg ned med å planleggja og tilretteleggja alt som trengs til desse kveldane, og den evna dei har til å finna på nye saker kvar gong.



Bjarte, Vidar, Sigrid, Henning og Merethe tryllar fram ormar og slanger av trolleig.


Dei borna eg prata med, synes det var kjekt i barnehagen, og eg la merke til at dei leika fint i lag og at samhaldet var godt.

Elles tek dei føre seg ulike tema, som t.d. fuglar, livet i havet, ville dyr og ting som skjer i naturen. Dei lærer om born i andre land, og andre kulturar. Stundom dreg dei på små turar, dei har t.d. vitja ulike arbeidsplassar, og ein gong vitja dei ein gard i nærleiken.

For dei borna som er i førskulealder har dei eige opplegg siste halvåret. Dei får faste oppgåver som å hjelpa å kle på dei miste, ta telefonen, og å ta imot - og gje enkle beskjedar.

Det inntrykket eg sit at med, er at i barnehagen er det trygt og godt å vera, og dei som arbeider der gjer alt for at borna skal trivast, samstundes som dei på ein fin måte løyser små vanskar som alltid vil dukka opp.

Til slutt eit ord av W. Churchill: «Det er lettare å styra ein heil nasjon, enn å oppdra tre born», og han kjente til begge delar.



Her er dei som var i barnehagen den torsdagen dei fekk vitjing frå «Jølst».



Denne kaka må verte god! Karoline, Ingunn, Tore, Thomas, Einfrid, Kristine og Erlend er dagens kokkar.

# Kunstgalleri for Astrupkunst i Astruptunet

Av Geir Tore Vestad

## 20 år frå plan til røyndom

20 år skulle det ta frå det først var sett på papiret at det måtte reisas eit eldfast galleri for kunstsamlingane etter Nikolai Astrup til galleriet vart røyndom. Mange skjær i sjøen har det vore undervegs og nokre av desse skæra vart påreindt, seinast i 1978 då saka enda i skikkeleg grunnstøyting.

## Lykkeleg løysing til sist

Når galleriet no er på plass i Astruptunet ser det ut til å ha vorte ei lukkeleg løysing, - ei løysing som har samla oppslutnad på tvers av interessegrupper og politiske parti.

Fylkesmann Ingvald Ulveseth, som stod føre den offisielle opninga, sa det slik:

«Eg var lite glad for dei planane som vart lagde fram som hastesak i 1977/78. Hadde eg hatt mandat til det ville eg ha stoppa desse planane. Men heldigvis har ein no funne fram til ei mykje betre og meir høveleg løysing.



Sjølvsagt om det under kulturprogrammet på laurdag var samla omlag 7-800, var det god plass i den flotte amfien bak den nyinnvigde utescena ved jølet. Fremst ser ein nokre av dei innbedne gjestene.

## Brei kulturmonstring samla mykje folk

Opningshøgtidinga den 21. og 22. juni i år hadde Jonsokråme omkring tilskipingane og samla i alt omlag 1500 menneske i det fine midtsommarværet. Alle dei ymse komitéane hadde gjort ein stor og grundig innsats som enda opp i to vellukka dagar. Kulturprogrammet som omkransa opningsseremonien var samansett av «tradisjonsrik jølstrakultur» av godt gammalt merke; m.a. felespel av Arne Viken og Fjellklang, korsang, barneleikarring, prolog skriven av Anne Østenstad, framført av Anny Flatjord, og mykje meir.



Toralf Flatjord sitt første oljemåleri

## Astruptutstillinga «Naturkjensle mot industrisamfunnet»

Hovudattraksjonen under opninga av kunstgalleriet i Astruptunet var **sjølvsagt** den store Astruptutstillinga «Naturkjensle mot Industrisamfunnet». Kven var vel meir naturleg å nytte som kunstnerisk rådgjevar for denne utstillinga enn magister Øystein Loge som har teke magistergradsavhandlinga si om Astrup og som i haust gav ut det praktfulle bokverket «Nikolai Astrup - Gartneren under regnbuen». Utstillinga som var samansett av bilete m.a. frå H.M. Kong Olav, Nasjonalgalleriet, Rekstens Samlinger, Bergen Billedgalleri, Astruptunet si kunstsamling og ei rekkje private eigarar, synta breidda i Astrup sin kunst og ikkje minst Astrup sin djupfølte og ekte kjærleik til naturen.

## Priseld og midtsommandans

Kanskje det mest kjende «varemerke» på Nikolai Astrup sin kunst er Jonsokfeiring og Jonsokbålet. Laurdagskvelden hadde mykje folk på nytt funne vegen til Astruptunet og dansen gjekk lystig i tunet etter taktfaste tonar frå Fjellklang Spelemannslag forsterka med Arne Viken. Fint sommarvær, stort jonsokbål på Priseldsteinen ved Jølstravatnet og småbål på mest alle nes rundt Jølstravatnet kan vel neppe erstattast av nokon betre stemningskapar ein midtsommarkveld.

Men Jølstringane hadde ikkje fått nok med dette, for søndagen var tunet på nytt fylt med folk som ville sjå nærare på utstillinga og høyre på ein fin utekonsert med Jølster Musikklag.

## Og så maten då - sjølvsagt

Sjølvsagt om det ikkje er nemnt før, var det **sjølvsagt** servert rømebraut, spekemat, gombe, kaffi og mykje anna å bite i slik det plar her i Jølster når ein feirar store



hendingar. Og maten såg ut til å smake - iallefall gjekk det unna store mengder av den.



### Rekordtilstrøyming til Astruptunet i sommar


I 1986 har tilstrøyminga til Astruptunet vore større enn nokon gong; - omlag 8-8.500 har vore innom, dvs. nær ei tredobling i høve til normalår tidlegare. Galleriet har synt seg funksjonelt til føremålet og tunet elles har fått ei meir publikumsvenleg side. Sanitæranlegga og kafé i Nystova, som vart realisert i 1983-84, er uvurderlege i den samanheng.




Barneleikaringen frå Eikås.



Fjellklang forsterka med Arne Viken.



Mellom dei mange fine gåvene var det også original Astrupkunst til å ha i galleriet. Her overrekker formann i styret for Sunnfjord Sparebank oljemaleriet «Frå Prestegarden».



Det var stor trengsel for å kome inn i det nye galleriet etter at fylkesmann Ingvald Ulveset offisielt hadde opna dørene.



# Kunstnaren med mold på hendene

Av Anders P. Sægrov

Berre tre gonger såg eg Nikolai Astrup. Første gongen var då han stod på husmannsplassen Krampen og hadde teke til å måla på biletet som fekk namnet Kari. Det var slik ein strålende fin junidag. Vi skuleborna for heim att jublande glade - vi hadde gjort frå oss siste skuledagen. No nytta vi høvet, vi ville sjå denne merkelege mannen, og det han arbeidde med. Vi for stilt fram. Vi rørde ikkje nokon ting, for vi hadde stor auge for honom. Kan enno hugse at han hadde hengt opp den grå vadmelsjakka til vern for sola. Men den veldige vide hatten hadde han på. Av og til såg vi at sola blenkte i brilleglasa. Han merka visst ikkje at vi var der. Vi borna vart ståande og gape, når vi såg kor handfritt han førde blyanten. Det var eit under kor han fekk det til. Den hadde han fått med fjella, breen og fossen, og vi kunne kjenne alt - kvart hus i grenda. Å! Om vi kunne klart noke slikt...!

Det var ikkje så få jølstringar som fekk hug å prøve seg med blyant og pensel. Og eg skal vedgå at eg var ein av dei. Eg visste ikkje noko anna råd enn at omslaget på skriveblokka hans far måtte ofrast til føremålet. Eg fann meg ein stol og sette meg framfor lemsglaset. Og der fekk eg inn Grovanipa med fossen og Øyra og det gamle tunet. Eg var komen godt på veg. Og eg prøvde å føre blyanten plent slik Astrup gjorde. Eg tykte sjølv at eg fekk det godt til, og eg hadde så god ei stund. Ei eldre tante som for der og svinsa, hadde oppdaga meg. «Ka æ da du teke deg te mæ? Da æ pinsedag i dag!» Eg måtte slutte med ein gong! Men eg prøvde meg seinare og. Men aldri hadde eg so «lukkeleg» ei hand som den pinsedagen! Eg fann snart ut at det låg ikkje for meg å gå i Astrup sine fotspor. Men det var ikkje so få som hadde fått meir av gneisten, og dei heldt fram.

Når vi streva med slåtten om sommaren, kom det eiin liten motorbåt tøffande inn Kjøsnestfjorden. Det sa dei vaksne var Astrup og lærar Fonn. Og det skal de vete, at ein slik motorbåt stod høgt på ynksjelista hjå smågutane i fjorden. Men det var høgt opp og langt framme... kunne vi vorte kunstmålar so....

Astrup var ikkje berre kunstmålar, han var botanikar og gartnar, og han var bonde, på ein bratt husmannsplass på Sandalstranda. Der sleit han med jorda, poda og planta og bygde hus. Astrup bygde ikkje slik som andre i bygda. Dei bygde seg lemhus med ark på. Det var ikkje til å forstå at han presteson og kunstnar bygde låge småe hus med torv på taket! Husmannsplassen på Sandalstranda var bratt og nordvend. Men det retta

Astrup på med å leggje jorda opp i terassar. Det kosta nok mange sveittedrøpar. Men det vaks, det han stilte med, so det gjekk gjetord om det. Det var no helst alle rare grønsakvokstrar og alle epletrea folk var forundra over.

Astrup meinte at ein måtte få meir grønsaker inn i hushaldet og grønsakene skulle ein dyrke sjølv. Det skulle bli helsesam og billeg levemåte. Han var visst på veg til å gå over til berre plantekost og. Men jølstrabøndene hadde lite tru på slik levemåte. Dei meinte at skulle det vere noke til middag, måtte det vere raspekake med flesk i. Noko anna dugde ikkje for arbeidsfolk. Det var galskap å take bort god jord til grønsaker, der det let seg gjere å dyrke korn eller poteter. Det meinte svigerfaren på Indresunde óg.

Ein gong han var på Sandalstranda for å gjesta dotter og svigererson, vart han med ved middagsbordet. Dei prata om både nytt og gamalt. Og Astrup baud fram fata rett som det var, slik skikken var. Men grønsaker skulle ikkje Anders ha. Då dei var komne so langt at dei heldt på å avslutte måltidet baud Astrup på rabarbrasupe. Men då hadde gamle Anders fått nok - «Månge takk du! Men eg æ kje noke kreatur, eg æte ikkje gras!» - Då lo Astrup godt...!

Men Astrup meinte at ymse ville plantar óg kunne vere verdfull menneskemat. Særleg verdfull var brennesla, meinte han. Brennesla vaks ikkje på Sandalstrand i dei dage. Men Astrup tok seg ein tur inn i Myklebustgrenda og fekk med seg nokre røter som han planta. Det var noke folk i grendene var mykje forundra på. Brennesla var ein plante folk ikkje likte å kome nær. Og det var visst mange som tykte synd i dei stakkars borna på Sandalstranda som måtte ekte supe med brennesle i.

Etter kvart som tida leid, vart det mange som kom og såg innom på Sandalstrand, serleg sommarsdag. Og alle slike vart vel mottekne. Ho Engel, kona hans, fekk eit stort hushald, somme gav seg til i dagevis. Og ein spire av ein målar hadde både kost og hus der ein heil vinter! Det var han som sprang og jaga harane som hadde søkt ned, når snøten gjorde det vanskeleg å finne levemåte oppe i lia. Takka vere alle epletrea med den søte borken, klarte harane i Sandalen å overleve....

Ein må ikkje sjå bort ifrå at alle desse nyfikne orginalane som søkte til tuns hefte Astrup bort, og vart ei tyngsle for økonomien hans. Likevel hadde han stendig mykje arbeid på gang med hus og jord.



Han far fekk eit brevkort med so uvanleg handskrift. «Din hengivne Astrup» stod der til slutt. Eg ovundra denne skrifta. «Det er skrive med ørnefjør», sa han far. Det var om far kunne skyte opp noke fjell inne i ein kjellar. Far tok verktøyet med og rodde til Sandalstrand. Det gjekk visst bra med arbeidet. Og Astrup var mykje glad for hjelpa. Og far hadde det godt der. Ut på ettermiddagen kom Astrup og sa det skulle vere 5 minuttar. Då skulle dei drikke ettermiddagskaffi i lag ute ved eit steinbord. Far hadde ymta om at han tenkte å få seg ein hage med epletre og bærbusker. Då far skulle ha oppgjerd for arbeidet, fekk han epletre og plomme- tre og bærbusker med båten kunne bære, og fekk største bærhagen i grenda.

Dette var den tid første heimskrigen hadde rasa på andre året. Det tok til å bli vanskeleg med mange ting, serleg matmjøl. Men også parafin til lamper og lykter, vart det smått med. To grender i Jølster bygde seg kvart sitt elektrisitetsverk. Dette var noko Astrup var mykje oppteken av. Dei bratte bakkane og vestlandsregnet som var so uvenlege mot menneska, kunne skaffe kraft til ljøs og varme. Ved grova aust for tunet skulle kraftverket stå. Til hausten måtte far kome att, det skulle skytast ut ei gryte i fjellet opp i lia, det skulle bli inntaksdammen til kraftverket. Ja, hausten kom det året óg, og far kom etter avtalen. No kunne arbeidet

take til. Men då la ho Engel ned «veto». Då sa Astrup stilt: «Vi få se tiden an...»


Då vegen vart ombygd på Sandalstranda stikka dei vegen so langt inn i bakken, at Astrup måtte ofre nokre bjørker. Men det var vel som å røre ved augnesteinen hans. Det vart den svartaste tid han hadde hatt på Sandalstranda. Noko han kanskje kunne vore spard for. Astrup var god å gå til, han visste råd for so mangt.

I Sandalen gjekk nokre smågutar som hadde slik klåe i fingrane, men utan verkty kunne dei ikkje utrette noko. Men ein dag var dei so heldige å få tak i ein tollekniv. Og dei kom seg fort i arbeid. Dei tok føre seg den store apalen som stod og breidde seg midt for augo. På ei lika økt klarte dei å ringborke treet, og dei stod og gledde seg over velgjort arbeid. Men då kom vaksne- folket, det vart noko til oppstyr! Det hadde nok vorte ris på baken, om ikkje Astrup hadde kome nett då. Astrup meinte det var von om å berge treet, men det måtte skje fort. Astrup gjekk åt fjøset, tok med seg noke av det som er å finne i renna. Med berre hendene elta han det saman med leire, la det på såret og rørde bandasjar på som var det eit menneske, medan brots- mennene stod med open munn og runde auge og undra seg. Han var ikkje redd kumøka heller. Kunstnaren med mold på hendene. Treet var det gode gamle! Det og må vere med.



Portrett:

## Kristian Fossheim - professor frå Jølster som innførte nynorsk som administrasjonsspråk på avdeling for fysikk, NTH



Kristian Fossheim, her i eitt av dei 3 laboratoria som han bygde opp ved fast-stoff fysikk, NTH.

Kristian Fossheim er internasjonalt kjend som ekspert innan fast-stoff fysikk. Han har sidan 1970 arbeidd ved Norges tekniske høgskule. Kristian Fossheim er fødd i Jølster 4. desember 1935. Etter realskule og gymnas på Sandane, var han eitt år journalist i Jærbladet på Bryne. Deretter tok han til på realfagstudiet ved Universitetet i Oslo, Blindern. I 1964 tok han cand. real.-graden. I åra 1965-1967 var han knytta til University of Maryland, USA - eitt år som stipendiat, eitt år som tilsett forskar. Feltet hans var lågtemperaturfysikk. I 1967 var han attende i Oslo som NAVF-stipendiat ved Universitetet. Tre år seinare vart han tilsett ved Institutt for teknisk fysikk, NTH. I 1972 tok han doktorgraden på studiet av supraleiande og strukturelle faseovergangar ved Univeritetet i Oslo.

Kristian Fossheim er kjend for bruken av nye metodar innan materialfysikk. Blant anna har han konstruert eit akustisk mikroskop som «ser» med lydbølger.

Han er den fremste i Norge innan sitt felt i fast-stoff fysikk, og hans innsats og metodar er i toppen internasjonalt. Han har hatt mange samarbeid på internasjonalt plan, særleg med IBM. Kristian Fossheim har arbeidd ved deira laboratorier i New York og Zürich.

Kristian Fossheim er for tida instituttstyrar ved institutt for teknisk fysikk og er mykje engasjert i forskingspolitikk, - blant anna som varaordførar i Rådet for naturvitskapleg forskning i NAVF som prioriterer og deler ut forskingsmidlar til heile spekteret av norsk naturvitskap. Rådet har for 1987 delt ut 115 millionar til norske forskingsprosjekt.

Personen bak denne merittlista: Han snakkar ikkje i store bokstavar om seg sjølv, men han har alltid hatt

mange interesseområde også utafor faget, som idrett (spesielt fotball), all slags musikk, dans som gjev uttrykk for glede, målarkunst, historie og internasjonal politikk. Han er fenglande i samtal - om det dreier seg om beinhard konkurranse i internasjonale forskarmiljø, eller manipulering i dei 20-30 første atomlaga i overflata av spesielle elektrisk leiande materialar (halvleiingar) for å oppnå til no ukjende og fantastiske eigenskapar. Han fortel at dersom du tek eit hår av hovudet, kappar det tvert av så du får eit mikroskopisk tverrsnitt, kan du oppå dette i dag plassere 100 transistorar - for å illustrere mikroelektronikk pr. i dag. Han er ein engasjerande førelesar og etterspurd foredragshaldar.

I samtale med Kristian Fossheim legg ein straks merke til språkføringa. Han snakkar uforfalska jølstradialekt med ø-lyd i «hove». Ordvalet er uvanleg rikt med akademisk særpreg. Han snakkar presist - meiningane er klare. Han er glad i Tarjei Vesaas, Olav Nygard, Hartvig Kiran og andre ordkunstnarar. Han lagar ord eller låner ord, for som han seier: språket er ein reiskap til å formidle ei presis meining. —Eg har motvilje mot detaljar. Dei kjem ofte i vegen for det vesentlege. Eg har same haldninga i faget. Oppgåva mi er primært å ta avgjerder som har betydning og ikkje hefte meg i detaljar. Eg vil ikkje gjere begge delar. Det gjeld også i administrativ samanheng: å trekkje opp dei store linene.

Dei siste 15 åra har Kristian Fossheim studert kritiske fenomen i fysikken, der det også gjeld, som han seier, å arbeide seg fram til ein metode der ein eliminerer det uvesentlege og til slutt sit att med det vesentlege. Kunstnarleg uttrykk for det same finn han i Munchs kunst.

—Med bakgrunn i bygda her - kvifor enda du opp der du har gjort? Kva er drivkrafta?

—Den har eg frå heimen. Der fekk eg tidleg ei klar forståing av at det er **kunnskap** som tel her i livet. Der var aldri snakk om at pengar var så viktige. Dei var nødvendige - og ikkje utan bekymring, ikkje misforstå det - men dei var aldri det viktigaste. Kunnskapen sin plass i min livsfilosofi er ei nedarva haldning frå heimen. På begge sider av slekta var der kjende lærarar alt i førre århundre.

Stemma vert varm i tonen når han snakkar om røtene attende til heimbygda. —Eg har også røter attende til Anders Viken. Eg gløymer aldri når han spelte for oss i skulen. Det var så sterke opplevingar at det for alltid prega mitt tilhøve til musikk.

Kristian Fossheim sat i styret for Trondheim kommu-

nale musikkskule i ein svært avgjerande utviklingsfase for denne. Han var med å redde skulen frå uforstandig nedprioritering. Elevtalet er no 3000.

Han er overbevist om at miljøet og opplevingar i unge år skaper livsvarige haldningar. Musikkinteressa fører borna hans vidare. Familien har både ein pianist og ein fiolinist i dag.

Kristian Fossheim bygde hytte på heimegarden sist sommar. Ein del av denne er ei gamal stove frå Lunde. —Familien skal plantast her, seier han. Linene skal gå tilbake til heimegarden, og århundre tilbake i historia.

I samtale med Kristian Fossheim sit ein med ei heilt klar kjensle av at dette er ein internasjonal jølstring med sterke røter i heimbygda.

—Du brukar stort sett 2 språk, nynorsk og engelsk. Har du vore spesielt oppteken av målsaka?

—Ein kan ha ulike motiv for å engasjere seg i målsak, og mange ulike grader av engasjement. For meg er språk eit spørsmål om å uttrykkje sin personlegdom og eit spørsmål om fridom.

Kvart einskild menneske skal ha lov til å uttrykkje seg på ein måte som er eins eigen - **morsmålet**. Det er ei fullstendig blindgate for nynorsk å kjempe **mot** bokmål - eller omvendt. Eg ser ein symmetrisk situasjon mellom nynorsk og bokmål: Kvart menneske må få vere seg sjølv. Språket er eit middel til å uttrykkje seg. Det vesentlege er ikkje kva språk ein brukar. Det vesentlege er at språket er eins eige. For **meg** er nynorsken det naturlege - og då vil **eg** ha den soleklare retten. Difor må vil heller kjempe **for** at kvart menneske skal ha rett til å bruke morsmålet, for det å byte det ut, er å skjere bort ein vesentleg del av eins eigen person.

—Korleis skal ein kome dit at folk som reiser ut av bygda, torer bruke morsmålet sitt?

—Det er ei oppgåve for lærarane å gje elevane den sjølv-tilliten som trengst, mellom anna i norskundervisinga i skulen. Språket er til sjuande og sist eit spørsmål om personlegdomen. Det er ein integrert del av personen. Å bygge opp personlegdomen er dermed målsak. Dette er ein filisofi som er heilt utan aggressivitet overfor andre språkformer.

Men på eitt punkt vil eg vere hard: Det einskilde menneske sin rett til å bruke språket sitt. **Det er ein menneskerett!** Snakkar ein om kamp, så er dette kampen - og ikkje det å nedkjempe andre.

—Ser du konfliktsituasjonar på grunn av nynorsken si stilling?

—Det er klart. Den enkelte person vil kunne kome opp i konfliktsituasjonar - til dømes overfor arbeidsgjevar.

## —Målsak i industrien?

—I dei aller fleste store norske bedrifter er nynorsk ikkje-

eksisterande, kjemisk fritt. «Nynorsk har dårleg salsappell». Eit av dei mest vesentlege spørsmål for at nynorsken i det lange løp skal overleve, er at nynorsk vert akseptert på alle nivå i industrimiljøa. Her er ei oppgåve! Ein må gjere noko med den ikkje-kommer-sielle status nynorsken har. Vi kan sjå det på annonsering i lokalmiljø - til og med her i Jølster. Førde er sjølvsagt mykje verre. Berre opn Firda - og sjå.

Når forretningsstanden i 100% nynorske distrikt ikkje torer å vedstå seg nynorsk - kva kan ein så vente!

## —Nynorsken i «harde» fag?

—Litt av det same som i industrien. I teknologiske/naturvitskaplege fag er nynorsken dårleg representert. Fagspråket, terminologien er difor ikkje særleg godt utarbeidd. I tillegg kjem stadig vekk nye ord frå utlandet som ein må omsetje eller skape nye ord for.

—Brukar du ekstra tid på nynorske formuleringar?

—Ja, i fagleg samanheng.

Teknologien er i ei meir rivande utvikling enn nokon gong før, og dette medfører at språket aldri før har endra seg så fort som no. Å ta eit augneblinksbilete av språket - til dømes 1. nov. 1986 - fryse det fast og så seie at slik skal det vere alltid, det ville vere heilt kunstig. Det har aldri hendt - og det kan ein sjølvsagt aldri gjere med eit levande språk. **Måldyrking er å utvikle morsmålet og å bruke det.** Dersom nynorsken skal overleve som eit levande språk, må han ta opp denne hansken og følgje med tida. Dersom ikkje, er han snart eit museumsspråk. Og eit museumsspråk kan ikkje vere eit morsmål.

## Ivar Aasen-beundrar

—Eg har tidlegare understreka fundamentale trekk i målsaka. Men når vi no kom inn på vokabularet, må eg få seie noko om Ivar Aasen: Eg var så heldig at eg nyleg fekk Ivar Aasens ordbok av ein sambygding. Du verda for ei kjelde denne ordboka er! Og for eit forskargeni Ivar Aasen var! Personleg kan eg knapt tenkje meg at nokon einskild persons innsats i norsk humanistisk forskings historie kan verdsetjast høgare.

—Store ord, tykte vi.

—Ja, eg har tenkt ein del på dette. I norsk forskning i det heile ville eg berre plassere Abels geniale arbeid i matematikk høgare. Aasens arbeid er i omfang, systematikk, klårtenking eit heilt einestående vitskapleg verk, utført i ei tid utan vår tids datamaskinar og kommunikasjon. Tenk å samle, systematisere og definere 50.000 ord frå heile landet! Aasen var ein meister i klare definisjonar. Vi kunne gjere eit eksperiment: La lesarane definere verbet **maule**. Vi meiner alle at vi veit kva det vil seie, men kan ikkje presist forklare det. Prøv! Ivar Aasen seier kort og godt: mau-le er å ete ublanda! Ja, for det er nettopp det det er.

—►

Eg skjønner mest ikkje kvifor mange av desse orda er gått ut av bruk. Det er ingen mosetnad i dette å konservere treffande uttrykksmåtar samtidig som språket utviklar seg. Det er det som gjer språket nyansert, fargerikt og levande. Hør på det saftige språket somme eldre brukar. Interessant.

Apropos Ivar Aasen: Visste du at den vesle veike mannen tok seg fram over Jostedalsbreen i uver i 1855? Kanskje JØLST kunne trykkje forteljinga hans om den turen?

Eg har gitt uttrykk for eit syn. Det er mitt personlege. Det er ein heilskap i alt dette: Personlegdomen, morsmålet, røtene. Her i bygda. Trådane møterst her.

## Songen og musikken - noko mykje meir enn underhaldning

—Du har fortalt at musikken er svært viktig for deg. Korleis vil du beskrive ditt personlege forhold til musikken?

—Det vil vel ikkje overraske nokon om eg seier at eg set songen høgt. Songen har vore mine forfedrars måte å uttrykke seg musikalsk på. Farfar min var ein aktiv kordirigent fleire stader. Han spela og fele. Og eg trur nok alle vaksne jølstringar kjenner far min som songar. Musikken gjev først retteleg glede når ein har eit personleg forhold til den. Eg har lytta etter min indre klangbotn for musikk. Eg høyrer på all slags musikk, frå norsk folkemusikk til opera ved Metropolitan i New York eller i Wien, frå indisk raga til rock, frå øvingstimar for småborn ved musikkskulen i Trondheim, til solistar og symfoniorkester i inn- og utland. Felles for all god musikk er at den engasjerer, dvs. talar sterkt til tilhøraren og såleis får ei spesiell meining. Musikk har og ein rituell funksjon som varierer frå kultur til kultur. Musikken er altså også noko mykje meir enn underhaldning. Folkemusikk i alle verdsdelar er som språket utvikla gjennom århundre og årtusen, og ber med seg ein bodskap om menneskeleg liv og lagnad. Det er den som er opphavet til musikken av i dag. Den som ikkje vil erkjenne dette, har ikkje forstått kvifor musikken er så viktig for oss alle. Ingen har skjønna dette betre enn Edvard Grieg. Få andre komponistar har kunna tale til «folkesjela» som han. A-moll konserten er for meg ei skildring av Noreg, på ein uforklarleg og vidunderleg måte. Men for meg personleg kjem Jølstrabrua i samme klasse. Musikken talar så uendeleg mange språk. Og den gode musikken talar alltid til det innerste i oss. Den bryt ned stengsler og skapar fridom. Lytt til Jussi Bjørling så vil du forstå kva eg meiner.

—Har du følt med i utviklinga av musikklivet i Jølster?

—Eg har merka at instrumentalmusikken er på framsteg blandt ungdommen. Eg skulle berre ønskje at Jølster kunne få ein kommunal musikk-skule med gode lærarar. Kom til Trondheim og lær av min gode ven rektor Kåre Opdal ved Trondheim kommunale musikk-

skule. Her er gjort eit pedagogisk og administrativt nybrottsarbeid som er kjent langt utanfor våre landegrenser. Kongstanken er for det første å gje alle born som ønskjer å lære å spele eit instrument eller synge få tilbod om personleg opplæring. Og for det andre at **alle** born og vaksne har glede av musikk, også det såkalla «umusikalske». Enkelt sagt er det desse tankane skulen er bygd på.

—Kva menneskelege eigenskapar set du høgst?

—To ting vil eg framheve. For det første toleranse, dvs. evne og vilje til å forstå andre menneske, også dei som tenkjer annleis enn ein sjølv. For det andre vilje og engasjement til å yte sitt beste.

—Er du som forskar fascinert av notida?

—I fysikken har det aldri skjedd så store ting som no - bortsett frå 1920-åra, kvantefysikkens barndom, med diskusjonen mellom Niels Bohr og Albert Einstein - ei uhyre interessant tid. Fysikken er snøplogen som gjer veg for alle andre fag i naturvitskap og medisin. Vår teknologi er først og fremst basert på forskning i fysikk.

—Kjenner du personleg nobelprisvinnarane i fysikk i år?

—Ja, både sveitsaren Rohrer og tyskaren Binnig arbeider ved IBM, Zürich. Eg sende inn forslag på dei - og gratulerte dei straks tildelinga vart kjend.

Til slutt: Har du ei hjartesak som du heilt spesielt ivrar for?

—Ja, Norges svake posisjon i internasjonal forskning har bekymra meg. Eg ser det som mi viktigaste oppgåve i NAVF å endre på dette. Dette er ikkje berre ei hjartesak, men ei nasjonal oppgåve. Vi treng ein breid kunnskapsbase for å byggje opp ein internasjonalt konkurransedyktig industri. Skal vi kunne konkurrere internasjonalt, må også kunnskapsnivået vere i toppen internasjonalt. Dette er enkel logikk som alle bør kunne forstå.

Her har norske politikarar dei siste 10-15 åra gjort ein generaltabbe. Vi har no lagt bak oss 10 år som var vår økonomiske gullalder, men vi greidde ikkje å opparbeide oss den kunnskapsmessige bæreevne inn i framtida som vi burde. Politikarane prioriterte feil. Dei nekta å innsjå dette inntil den dagen det sprakk. Då vi hadde pengane, hadde vi norgeshistorias største sjanse til å kome i fronten internasjonalt med å byggje opp kunnskapsnivået for ein heil generasjon framover. I staden vart 100-vis av milliardar klatta ut på kort-siktige tiltak som knapt nok har verdi for eitt år av gongen.

No står vi på nytt utan oljepengane - og no ser alle at vi ikkje har noko val. No er vi nøydde til å prioritere kunnskapsutviklinga. Eg sa i frå - heilt til topps.

Kristian Fossheim er ein pådrivar for at Norge kunnskapsmessig skal kunne konkurrere på den inter-

nasjonale marknadsplassen. Her er han kompromisslaus. Kunnskapen sin høgseteplass frå heim og oppvekst pregar han.

Vi takkar for praten - og med nokre vare Viken-tonar held vi helg.

JØLST-ring



## Nedbøren i Jølster

Hos Ottar Viken på Skei har Meteriologiske Institutt hatt nedbørsmålingar sidan 1970. Kvar einaste morgon, året rundt, skal nedbøren målast. Det skal først statistikk over når på døgnet nedbøren kom, om det var byger, yr, hag, sludd osv., og om vinteren skal ein lese av snødjupna. I slutten av kvar veke sender ein inn observasjonane til Blindern.

Ein nokså kjedeleg jobb vil vel mange meine, men nett som fjøsstellet, er dette blitt ein del av morgonrutinen. I alle fall kan det vere interessant å studere resultatata frå desse 17 åra.

I 1986 har utruleg nok ikkje vore særleg vått, men det som har kome, har vore spreidd svært godt. I løpet av august, september og november har det til dømes berre vore 5 døgn heilt utan nedbør.

Så ønskjer vi kvarandre ei god jul og eit nytt og tørrare år.

### Nedbørssummar i millimeter

Ar	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Økt	Nov	Des	Året
1969	***	***	***	***	***	***	224	47	334	301	175	96	***
1970	60	64	114	35	82	58	168	60	216	250	85	215	1407
1971	151	180	115	118	103	96	149	96	262	404	338	455	2467
1972	12	23	123	42	16	66	31	115	128	216	367	166	1305
1973	175	272	224	134	133	124	73	187	289	216	283	295	2405
1974	160	123	6	22	52	89	224	188	233	53	89	325	1574
1975	289	45	42	96	69	104	112	57	457	266	136	602	2275
1976	244	160	171	157	43	120	99	64	141	61	172	66	1498
1977	64	8	78	62	37	91	140	99	197	168	160	184	1286
1978	163	40	83	47	19	78	83	161	267	346	489	37	1793
1979	52	64	147	35	99	78	87	184	406	119	235	187	1693
1980	83	67	46	107	22	42	107	132	219	209	157	518	1709
1981	302	222	61	93	39	127	92	228	136	124	267	56	1747
1982	98	65	108	148	41	7	51	163	447	119	260	206	1713
1983	533	37	160	61	64	69	96	165	249	510	373	237	2554
1984	171	51	66	98	26	104	103	137	59	340	125	150	1430
1985	55	112	106	74	25	76	116	218	298	285	110	204	1680
1986	40	16	100	12	141	80	98	80	320	267			

	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Økt	Nov	Des	Året
Min:	12	8	6	12	16	7	31	57	59	53	85	37	1286
Max:	533	272	224	157	141	127	224	228	457	510	489	602	2554
Gj.sn:	163	95	103	63	54	63	106	140	250	230	226	243	1783

# Fjelltind 4H — 30 år

## Prolog

Stardalen er inne i eit jubileumsår. Ei markering i fleire organisasjonar. I kveld er det «Fjelltind» som på podiet står. Staut trettiåring etter egne refleksjonar. Ein ungdomsorganisasjon som kryssar landegrense frå Amerika til vårt Norden som fengde stor interesse. Jølstringen som snappa til seg denne mønsterplanen, skuldar vi stor takk for vår klubb i Stardalen.

Ja kvinner og menn frå vår utvida grend. Vel møtt til eit koseleg bord-sete. Legg bort all kvardagsleg sut i kveld. Nyt denne kvelds-stund med rette. Ver med å form ei lita råme om denne merkje tildeling og æresdiplom, og årets jubileum i sin fagraste blom.

Dei som fødde denne tanken fram til dåp, skipa dette ungdomsorganet, finn ein lite å skriva om i saga vår. Men losen er frå heimleg arme. Banebrytarens namn er korkje A eller B, men han som i dagleg tale går for Sverre P.

Ja, Sverre drog lasset, medlemmane dytta på, Lyngstadguten som første hand på taumen. Om det var sparsomt med veiledning, soleis utanfrå, antyda det ikkje til rakningar i saumane. Foreldra dei oppmuntra, såg klubben av verdi. Her var noko for dei unge, henge fritida si. Tiåringar glei modigt med i straumen.

I fyrstninga virka det kanskje som ein bondeorganisasjon. Jord og hagebruk var lærerikt må vite. Dei som såg seg som framtidige bønder ein gong. Tidleg krøkjast som god krok skal verte. Utstilling om hausten når døminga fell, lyste Haugtun som ein gartner-hall.

Nål og trå som er jentene sin draum, valde sjølvsgat husflidsoppgåve. Strikkepinnane klirra, gensar tok form. Her vart reine industrien i stove. Husflid er noko som aldri fall i stav. Hadde ein hatt alt samla du og du for ein stab.

Med hagebruk dabba det meir og meir av, etter kvart som det vart meir oppgåver å bla i. Dei som for ut på skular vart avhengige av, kva som høvde for slik ei pendling.

Gjennom studieringar løyste vi oppgåvene i lag, noko som vart ekstra populært. Særleg oppgåver som handlar om mat, kom til nytte det ein her fekk lært. Når hybellivet tok til, tok vi lærdomen fram. Suppegryte metta mang ein gong svolten tarm.

På sommarleirar tevla vi om leirkultur og andre praktiske prøver. Belønning, det vart, før vi heimatte for, vitna om fin åtferd, at vi ikkje berre hadde tøva. Bergens turane vi fekk for å mottake fylkesprisar var eit «show» i seg sjølv, vi sette stor pris på dei.

Vi fer ikkje med skryt som vi her vil ha sagt at vi

aldri har kvilt på våre laurbær, men lagt oss i selen like spontant, for å fullføre våre årsverk. Om premie skåpet lyser av flagg og krus lever vi med skipperspråket: «Hald stø kurs».

Bu i utkants grender har og sin verdi. Vi andar i eit sunnare klima. Ser vi inn om eit sentrum. Alt som søker til kafeen kan der somlast burt verdifulle timar. Her lever vi for kulturtiltak, legg godviljen til. Opna dørene i grendahuset til underhaldningskveld.

Når tretti år no er tilbake om oss lagt, medan leiarar og medlemmer har skifta. Ei takk til all ledelse, den stø kurs har de hatt. Utan dykk har vi for lengst vore i grøfta. Takk til bygdefolk i og utanom dalen. Kva med festane våre utan publikum i salen?

Dei fyrste medlemene, både kvinner og menn som har tufta seg i heimegrender. Dei har sytt for rekrutteringa i klubben igjen, slik at 4H - i grunnen er redda. Jau, «Fjelltind» har ei framtid. Stardalen er i vekst, skal vi døma etter fødselsstatistikken.

M.S.

## Attersyn

Av Randi Flølo og Anne Berit Klakegg

Fjelltind 4H vart starta opp i 1956. Vi har ikkje fyrste møteboka, så frå fyrste året har vi ikkje så mange opplysningar.

I 1957 var det 10 medlemmar, sidan voks klubben år for år til i 1979, då var medlemstalet 43. Det er det høgste medlemstalet klubben har hatt.

Dei fyrste åra var medlemene berre frå Veiteberg skulekrins, sidan er klubben utvida, fyrst til Åmot, så Klakegg og «Førs». I 1968-69 var det eit medlem frå Skei og.



Jaar, Jan Ståle, Arne, Elin og Kariann øver på underhaldning til haustfesten, «Kulturen i Haugtun».



Dei fleste i klubben har vore med heilt fram til dei fekk plaketten. Dei fyrste som fekk plaketten var Hallvar Flatjord og Trygve Sægrov i 1964. I år har vi delt ut plakett nummer 60.

Klubben har hevda seg godt i konkurranse med dei andre klubbane i fylket. Vi har vorte kåra til fylkets beste klubb i 1961 - 1971 og 1978. Sunnfjord beste klubb i 1972 og 1974. Tidlegare kåra dei ein fylkesmester frå kvart fagområde i oppgåvene og der har fleire frå Fjelltind vore fylkesmeister.

Når det gjeld den praktiske oppgåva som kvart medlem vel for året, har det forandre seg mykje. Dei fyrste åra hadde mesteparten grønnsaker. Ja i 1959 hadde alle 9 medlemmane grønnsaker. I år er det ingen av 29 medlemmer. Som regel har alle fullført oppgåvene, på desse 30 åra er det berre 3 gonger vi ikkje har hatt 100% fullføring.

Det har vore halde mange medlemsmøte og styremøte, men klubben har hatt mange andre tilstellingar óg. Laurdag 12. januar 1957 var fyrste festen klubben stod for, det var fest for foreldra. Same året 20. oktober var fyrste haustfesten med utstilling. Vi har hatt ski-dagar, hobbykveldar, friidrettsdagar og stølsturar. Det varierar frå år til år. Men vi har nokre faste tilstellingar kvart år. Det er: Tenning av julegrana, barnefest i jula, trimrenn palmesundag, merkje- og plakettfest, haustfest og utstilling.

Vi prøver å arbeide for ting i nærmiljøet. Lage aktivitetar som barn og unge har interesse av. I 1980 fekk Fjelltind opparbeidd ein fotball- og leikeplass i



Randi Flålo og Anne Berit Klakegg har laga klubbhistoria vår.

Lyngstadmarkja. Sjølv om det var stor dugnadsinnsats av dei vaksne, vart det problem med økonomien vår. Men eit kakelotteri rett etter, redda oss ut av den knipa. Hausten 1984 kjøpte vi oss bordtennisbord, som vi har fått lov å ha i kjellaren i Haugtun.

Klubbleiarane vi har hatt gjennom desse åra er Sverre P. Befring, Knut A. Veiteberg, Peder Bakke, Sam. S. Veiteberg, Ottar Befring, Dagvor Helgheim. Fjelling 4H har gått godt i alle desse åra. Mykje av æra for det lyt foreldre og andre vaksne få. Dei har vore flinke og hjulpet til med oppgåvene, og elles støtta oss, ikkje minst møtt opp til arrangementa vi lagar til.



Medlemmane i 1986.

# På amerikatur med Fjellklang

Underleg kor tidene skifter. Ei kort tid attende, og alt vi visste om Amerika var det vi kunne lese om dette landet i bøker og aviser. ja, og så det vi fekk vite gjennom brev frå slekt i dette merkelege landet. Film og fjernsynet er no blitt ei viktig informasjonskjelde etter kvart. Men kan det vere sant alt det vi les og høyrer om dette landet?

Det kan vere godt å få undersøkje slikt ved sjølvsyn og såleis betre kunne gjere seg opp ei meining om landet og utviklinga.

Utruleg, men sant. Her stod eg reiseklar til Amerika for andre gong i løpet av nokre få år. Slikt som ein berre kunne drøyme om før i tida. Skal seie tidene endrar seg!

Det bar strake vegen frå Førde, via Gardemoen, New York og til Orlando, Florida. Ei reise på godt eit døgn. Det galdt å utnytte tida.

## Solvarme Florida

Eg vakna til ein strålende solskinsdag med 25 varme-grader. Det var anna enn regntung himmel som vi har vore så rikeleg rikeleg velsigna med her heime i haust. Men lufta var full av råme. Så fuktig har eg ikkje kjent ho før. Her var det berre å finne fram fram dei lettaste sommarkleda vi hadde med oss. Vi såg gjennom vindauget og rett ned i hagen og eit fint basseng. Avgjerda var ikke vanskeleg. Dagen skulle opnast med ein tur i bassenget for å skjerpe appetitten til frukosten. Etter eit forfriskande bad, bar det så opp på rommet for å kle oss til frukost. Vi ville stille sømeleg til bords.

Det blei ein kraftig frukost. Steikt bacon, steikte småpølser, steikte poteter, steikte egg, rista brød og noko frukt for dei som ville ha det. Det likna meir på lunsj eller middag hjå oss. Men vi forsynte oss godt og gjekk velnøgde frå bordet. Så var det å planlegge dagen. Vi hadde tre alternativ. Vi var komne til Orlando for å sjå Walt Disney World - Magic Kingdom, Epcot center og NASA Kennedy Space Center. Kva skulle vi velje først? Omvisaren vår meinte vi burde ta Epcot senteret først.

Epcot som er korting for Experimental Prototype Community of Tomorrow, er ein viktig del av Walt Disney World - verdas desidert største underholdnings- og fritidspark. Den er på 43 square miles som er noko slikt som 70 kvadratkilometer. Den blir kvart år vitja av 21 millionar menneske. Eg var glad for at vi kom utan om sesongen, for jammen var det folksamt nok som det var. Det må vere reine kaoset i høgsesongen. Nokre kjempemessige parkeringsplassar - fulle av bilar - og med togbaner og ferjer som fraktar folk frå



På veg mot Disney World.

parkeringsplassane og inn til sentra.

## Eit eldorado for ein lærar

Her fekk eg på ein ny og fasinerande måte repetere alt eg hadde lese og lært om utviklinga på jorda på ulike omkverve. Alt var levandegjort gjennom film, konstruerte landskap med plantar, dyr og menneske og ulike lukter/lydar i ulike tidsepokar. Vi sette oss opp i ei vogn og så for vi avgarde gjennom historia. Vi starta i byrjinga av jorda si historie og enda opp med korleis det vil bli i framtida med ein visjonsfilm. Utruleg fengslende. Eg gjekk systematisk fram, nytta oversiktskartet og gjekk inn i alle dei merkelege byggverka etter som dei dukka opp, som t.d. The land - vi sette oss opp i ein båt og fekk oss ein tur - først gjennom ein tropisk regnskog, så gjennom afrikansk ørken, så dei amerikanske slettene, korleis ein gard var for godt hundre år sida, så over til moderne jordbruk, den siste utviklinga innan akvakultur og jordbruk i ørkenen, og så til siste eksperimentell drivhusproduksjon og produksjon i område utan tyngdekraft. Hadde eg hatt tid, skulle eg gjerne sett det omatt, så interessant var det.

## Magic Kingdom

Her skulle vi på ny for 24\$ få boltre oss i moro og underholdning heile dagen lang. Her var 6 ulike «land» med frå 20 til 30 ulike attraksjonar å velje mellom. Det ville tilsaman bli meir enn 150 ulike val. Vi bad med ein gong guiden å plukke ut dei beste, så vi ikkje kasta bort tid unødig. Vi ville likevel berre få med ein brøkdell.

Det var Main Street USA - Amerika av i går - Adventure land - eventyr i land langt borte - Frontierland - amerika under landevinningstida (kolonialiseringstida) og livet ved fronten/forta - Liberty Square -

Fridomsgata - Fantasy Land - der historiene frå gode barnebøker blir gjort levande - Tomorrow Land - moro i framtida.

Kan berre nemne litt av det eg valde - ei båtferd på ei tropisk elv, ein piratbåt på tokt i Caribien. Eg følgde Big thunder mountain railroad, denne berg og dalbana skulle ein ikkje følgje om ein hadde dårleg hjarte. Så innom Tom Sawyer's øy. Eg var ein tur med under-vassbåten Nautilus og fekk studere livet på havbotnen på nytt. Her var det laga til akvarium med alle tenkjelege plantar og dyr/fiskar som ein finn på havbotnen på ulike djupner.

Ein må berre seie fansinerande og lærerikt - og mykje moro. Dagen gjekk svært fort - alt for fort.



## NASA Kennedy Space Center

Tredje dagen gjekk turen til basen for utskyting av romferjene i Amerika. Vi fekk omvisning på basen, sjå på rakettane og utskytingsrampane, sjå kontrollsenteret for første ferda til månen og studere Appollo 11 og månelandingsfartyet på nært hald. Eit område fekk vi ikkje komme nær, der heldt dei på å montere ein ny rakett med diverse utstyr som skulle plasserast i verdsrommet.



Har du høyrte om Floridas fine og solrike badestrender, med palmar og fine sandstrender og 30 grader i sjøen? Det skulle vi no få oppleve nokre timar. Solkrem med faktor 12 måtte til. Ikkje verdt å brenne seg opp heller. Desse timane skulle nyttast i full mon. Strak ut på stranda, ut i sjøen for å «kjøle seg ned», så på land att og slikke sol. Du kor salt sjøen var når du fekk han inn i munnen, men kor herleg det var å plaske rundt i sjøen! Tida gjekk så alt for fort.

## Ferien over

Så var «ferien» over. No skulle turneen byrje. Vi skulle reise frå stad til stad gjennom Wisconsin, Minnesota, Sør- og Nord- Dakota der vi skulle vise fram god norsk bygdekultur innan spel og dans. Fjellklang var forsterka med spelemenn frå Førde, Breim og Gloppen. Dessutan hadde vi med 16 dansarar frå same området, dessutan nokre dansarar frå Volda/Ørsta.



Pastor Dvergsdal frå Hayward, Wisconsin, saman med slektingen sin Joar Dvergsdal frå Jølster.

Det bar frå Floridas varme strender til Hayward, Wisconsin. Der skulle dei feire at kyrkja var 100 år. Dette vart feira med vitjing frå Noreg - Fjellklang. Grunnen til det var at pastoren der heitte Dvergsdal og var i slekt med Joar. Han hadde planlagt denne vitjinga for oss. Det blei ein travel, men vellukka dag. Først ei lang flyreise, så tre timar med buss frå Minneapolis til Hayward. Vel framme fekk vi ei hjarteleg mottaking ved kyrkja. Så vart vi bedde til middag - i kyrkja. Det vart servert Sørkanadisk rapphøns med villris, salat av tranebær og viltsaus. Særdeles vel-smakande, og typisk mat frå dette området. Etter kaffi og kake bar det til skulen for å skifte til bunad før programmet. Det var første framsyninga vår, men det gjekk godt, og programmet fall i god smak. Etterpå vart vi presenterte for vertane våre, og så bar det heim til vertsfolket. Her blei vi sitjande og prate i to timar før vi gjekk til sengs. Dei sette tydeleg stor pris på vitjinga frå Noreg. Vi kom først inn på kvar dei ætta frå i Noreg, om det var langt unna området vi kom frå. Vi ønskte å få vite kva dei arbeidde med, og om tilhøve i Amerika.

Vi fekk mellom anna vite det var dårlege tider for jordbruket no og at mange farmarar ville gå konkurs i år.



Vi fekk berre mat av beste sort på dei stadane vi hadde framsyning.

## Vada over Mississippi elva

Neste dag bar det først til byen Duluth ved Lake Superior. Her var det kupert landskap med fjell og mykje skog. Såg mellom anna eit skitrekk der. Lenger sør vart det meir og meir åsete og det vart betre og betre skogsdistrikt. Furene stod fint på rekkje og rad mil etter mil. Vi følgde ein brei, bein ny veg. Etter ei tid kunne guiden vår fortelje at om ca. ti minutt kom det ein sving.

Ved Itaca Lake var det ein stor nasjonalpark, med villskog og mykje ville dyr. Vi såg fleire flokkar med rådyr langs vegen inn i parken. Vi ville sjå kor Mississippi-elva tok til. Eit gammalt indiansk segn seier at dei som vadar over elva, får eit langt og lukkeleg liv. Det ville vi sjølv sagt sikre oss. Så alle tok av sko og sokkar og vada elva. Sjåføren berre rista på hovudet av galne nordmenn.



Grappa ser i bygdeboksamlinga. Eg fann korkje bygdesoga til Jølster eller Gloppen der.

## Grand Forks og prof. Arne Brekke

I Grand Forks blei vi mottekne av professor Arne Brekke, fødd og oppvaksen i Flåm i Sogn. Han tok oss med til biblioteket, avdeling for spesielle samlinger og viste oss den store bygdeboksamlinga dei hadde der.

Han kunne fortelje at Noreg er i ei særstode når det gjeld bygdebøker, og dette óg kunne følgje slektene attende gjennom generasjonar. Andre land har ikkje gardsnamn slik som i Noreg, og ein kan då ikkje finne attende til slektene gjennom kyrkjebøkene.



Grappa hadde fått god annonsering av Brekke travelling - reisebyrå i Grand Fork.

Meir enn trefjerdedelar av alle bøkene som var der, kom frå Noreg. Bøkene skulle representere heile Europa. Dette var han stolt av, og ville ha hjelp til å få fleire bøker om det var komme ut nye bygdebøker i Noreg. Bygdeboka for Jølster, av A.O. Klakegg er send til denne samlinga. Han gav oss så ei forelesing om innvandringa til Amerika frå Noreg og om kor nordmenn slo seg ned. Ein svært interessant time.

Om kvelden var det konsert i Chester Fritz auditorium, ein av dei største og finaste konsertsalane i heile Nordamerika. Det var ei stor oppleving for oss.

## Framføring i kyrkja

I Rutland vart vi og mottekne med middag i kyrkja. Etter middagen hadde vi så oppvisning i kyrjehuset for dei gamle aldersheimspasientane. Om kvelden var det konsert i samlingslokalet. Det kom folk lange vegar for å høyre oss. Etter konserten i Rutland, kom presten og inviterte oss til å vere med på gudstenesta morgonen etter. Han ville gjerne ha eit innslag av oss i kyrkja. Det blei til at Lars Fjell og Petter Eide spela ein brudemarsj, deretter song dansarane Strid for fred. Eit innslag som kyrkjelyden sette stor pris på.

## Indianardansar

I eit freda område for våtmarksliv, skulle det vere avdukingsseremoni av ei minneplate over ein indianarhøvding som hadde halde til der. Ein ætling av han, indianaren Vernon Longi, heldt ein fin minnetale og sa fram ei bøn til deira gamle Gud. Han dansa så ein stammedans for dei frammøtte. Etterpå blei det indianardansar på vollen med oss og nokre av dei frammøtte personane. Det blei dansa uniondance og snakedance. Så no har vi prøvt det óg, med ein ekte høvdingson til danseleiar.



Indianaren Vernon Longi i sin staselege bunad.



Indianaren Vernon Longi leia an i dansen, ein indiansk uniondansen.

## Skulekonsert i Starkweather

I Starkweather - Vesle Jølster - ønskte dei at vi skulle ha skuleframsyning. Det heldt vi så gjerne. Heile skulen som no var samlingssskule for eit større område, var samla i gym.salen. Vi hadde truleg ei av våre beste framsyningar der. Den store entusiasmen til borna smitta over på oss, så det blei ei retteleg triveleg og givande stund. Ei positiv oppleving for alle, og elevane fekk oppleve ein time med god rotnorsk kultur.

Om kvelden var det ny konsert der. Mykje folk var fram møtte. Etter konserten var det kaffi og mat. Då fekk vi helse på mange som ætta frå Jølster - og som vi skulle helse heim frå. Namn som var der var **Erikstad, Årdal, Svidal, Berg, Søgnesand og Myklebust**. Der var truleg fleire namn og, om ikkje eg helsa på dei. Alle med Jølsternamn hadde sikra seg gjester. Eg budde hjå ein familie som hadde ætt på Søgnesand/Årdal og hadde frukost hjå familien

Myklebust. Dei visste ikkje kva godt dei skulle gjere for oss. Dei sette tydeleg stor pris på vitjing frå Noreg.

## Flybase utanfor Minot

Byen Minot var full av menneske som var komne for å vere på haustfesten. Alle hotellrom var borttinga, så vi vart innkvarterte på ein militærbase utanfor byen. Vi var spente på korleis dette ville bli.

Då vi kom til porten, fekk vi eskorte av militæropolitiet som viste oss vegen til administrasjonsbygningen. Vi skulle først få ei orientering om basen og deretter omvisning på området.

På vegen inn i administrasjonsbygget blei vi stoppa. Ei vakker ung dame skulle vite kven Leif Åsen og Reidar Solheimsnes var. Då dei steig fram blei dei mottekne med ein varm klem. Vi fekk vite det var eit søskenbarn av dei. Dei treffe på slekt alle stader hadde eg inntrykk av.

Inne på eit undervisningsrom blei vi mottekne av sjefen på basen. Han helsa oss velkomne og sa det var første gong basen hadde innkvartering av ei gruppe på denne måten.

Ved hjelp av ein lysbiletserie forklarte han korleis basen var utbygd, kva utstyr og flytypar der var. Han fortalde og om rakettsiloane i området, kor mange der var, korleis dei var plasserte i området og korleis systemet skulle fungere. Det vart stilt spørsmål om kor mange fly av ulike typar der var og det fekk vi greitt svar på. Vi fekk og lov å fotografere fleire stader på området. Der det var forbod å fotografere, måtte vi vere påpasselege og følge forbodet.

Einaste minuset med opphaldet var at når vi skulle inn og ut av basen, måtte vi kome i samla flokk elles kunne det bli problem med å kome inn.

## Haustfest i Minot

Haustfesten i Minot var avslutninga på turnéen vår. Det var ein stor idrettshall som var tillaga til festen. Han var så stor som ei fotballbane med tribuner rundt, med sitjeplassar til 6400 menneske på stolar og benker, så kom det nokre ståplassar i tillegg. Ein like stor hall til utstillingar og ein noko mindre hall til kafé og scene to. Vi skulle her ha tre oppvisningar første dagen og fire andre dagen. To framsyningar på hovudscenen og ei/to på den mindre scenen. Så vi hadde fullt opp å gjere. Men artig var det, og god respons fekk vi på programmet vårt, så vi tykte vi fekk løn for strevet i så måte.

Siste veka var rein ferie. Nokre drog til Seattle til slekt der, andre drog til San Fransisco og nokre blei verande hjå slekt i Nord Dakota. Eg sjølv drog heim, vel nøgd etter fjorten dagar. Dette er sjølvsagt berre nokre glimt av alt vi opplevde, men det er uråd å få plass til meir her i bladet.

J.G.

# Premieoppgåve for heile familien

O	P	R	T	S	K	A	F	B	T	Å	N	E	T
S	K	U	L	F	A	F	N	Ø	Å	R	P	G	O
S	B	R	Æ	T	U	P	K	N	E	B	B	E	N
T	J	A	M	S	L	K	V	V	U	R	K	A	M
E	Ø	N	A	L	S	K	A	O	P	R	A	M	S
S	R	L	I	K	E	V	M	E	L	S	L	I	K
T	G	M	A	L	L	A	S	A	V	K	T	A	S
A	J	T	I	N	D	E	F	J	E	L	L	E	T
M	A	Å	L	R	O	T	J	K	A	A	S	T	A
S	S	M	Å	T	E	T	E	R	M	U	A	T	B
N	E	S	N	A	H	A	L	O	L	V	U	J	B
I	M	E	D	G	L	E	L	D	E	A	O	G	E
P	D	I	D	A	U	R	E	M	Å	L	B	A	N
A	N	S	K	J	O	R	T	A	R	N	L	I	G

Kjenner du namn på fjella i Jølster?  
Heile 12 fjell-namn har gøymt seg i dette diagrammet.

Les vassrett, loddrett, framlengs og baklengs, og sjå om du kan finne dei. Skriv løysinga på eit ark og send den til

JØLSTER MÅLLAG  
Boks 62, 6850 Skei  
innan 12. januar. Bokpremiar.

# Ordtøkje i ei juletid

Det er leitt å leva for berre maten.  
Det er betre at god mat skal resta, enn at buk skal bresta.  
Framand mat smakar best.  
«Det er ikkje av hat, men for mat», sa mannen han stakk grisen.  
Det ville vera skam å lengta etter sommaren, så lenge det er jul i huset.

**H  
Å  
R  
E  
K**




# Mamma lagar moro

Ho driv og gøymer seg  
alle tenkjelege stader,  
ler og tøyсар  
virvla opp av barnelått.  
Kvar gong  
den lille skrekken  
- store auge, late som  
BØØ  
Finne mamma  
- liste seg - sjå der  
der har vi skotuppene hennar.  
Forhenget brått til side  
INGEN MAMMA -  
mamma var gått ut av skoa sine  
då vi fann ho.

Latteren, gleda  
og undringa  
denne fyrste gongen ho  
ikkje var der.

INGER JANGÅRD





**Reproduksjon av Nikolai Astrup  
sine måleri**

	m/råme	u/råme
Vårkveld i Jølster	690,-	250,- — 360,-
Varmen kjem i jorda	490,-	150,- — 240,-
Sandalsstrand	210,-	
Raudt fjell	210,-	
Jonsokbål, lite form.	210,-	
Fugl på stein	350,-	
Kvennagong	210,-	

**AUDHILD VIKENS VEVSTOVE**

Skei - Tlf. 28 125

*Såvarer  
Kraftfor  
Kunstgjødsel  
Landbruksmaskiner  
Verkstad*



**VOLVO BM VALMET**

*Ta kontakt med oss:*



Bergen      Skei i Jølster      Etne  
Tlf. 05/325500      Tlf. 057/28202      Tlf. 047/66544  
5800 SOGNDAL — TELEFON (056) 71905



Rør og rørartikler  
Sanitæranlegg og utstyr  
Varmeanlegg med ved og flis  
Varmegjenvinningsanlegg  
Kjøkken innredning  
Baderom og møbler  
Fliser for bad og melkeromsgolv

**JØLSTER RØR A/S**

Aut. rørleggermester  
**TROND AARDALBAKKE**  
6850 Skei i Jølster



**Jølster Samyrkelag**

Avd. 001 - Skei Jøster - telefon 28 377  
Avd. 002 - Veiteberg - telefon 28 929  
Avd. 003 - Årdal - telefon 27 644  
Avd. 004 - Ålhus - telefon 27 720



**COMBINO**

AUT. VÅPENFORHANDLER

6853 ÅRDAL I JØLSTER, Norway

Tlf. 27647

**JØLSTER BYGG AS**

6840 VASSENDEN I JØLSTER - TELEFON (057) 27 413

**KRAMBUA**  
**SIGURD KLAKEG**

6850 SKEI TLF. 28122

*Firma Gunnar Hylderås*

Ass. Landhandel  
Sanddal tlf. 27 656

Medisinutsal - Kommisjonær - Norsk Tipping

**FØRDE SAMYRKELAG**

Avd. Vassenden

DIN EIGEN NÆRBUTIKK



PÅ VEG TIL  - EKSTRA

Kr. Myklebust, Myklebust tlf. 27 673

KOLONIAL - BRØD - SOUVENIRS  
FISKEKORT

**N. B. Kvammen**

DAGLEGVARER

**SKEI HANDEL**

- KONFEKSJONSBUTIKKEN -

Skal det vere noko nytt til jul?

Kanskje finn du det hos oss.

*Velkomen innom - eller ring og avtal høveleg tid*

6850 SKEI I JØLSTER — TLF. 057 - 28 374

**OPNINGSTIDER:**

**Kvardag: 07.30-22.00**

**Laurd.: 08.30-20.00**

**Sønd.: 09.30-22.00**

**VENT MEIR AV OSS**




**SKEI SERVICENTER**

v/OLa Fugle

6850 Skei i Jølster. Tlf.: 28 234





## OTTO DALE VVS

6840 VASSENDEN

TLF.: 27 197

MOBIL TLF.: 094 - 71 249

## Jølster Lenestol

MØBELTAPETSERARVERKSTAD

6853 ÅRDAL - Tlf. 27 612



**UR**  
OPTIK

Canon 3mm  
**VIDEO**



FOTO

**GULL**  
**SØLV**

**ALF HELGHEIM & CO.**

Helgheim 6853 Årdal i Jølster

# JØLSTRAHOLMEN



6840 VASSENDEN — TLF. (057) 27 135

BUTIKK  
VEGKRO  
GATEKJØKKEN  
BENSIN  
CAMPING

*RIMELEGE PRISAR!*

# SKEI LAKKERING

6850 SKEI I JØLSTER — 057 - 28 369

LAKKERINGSARBEID VERT UTFØRT FAG- OG KVALITETSMESSIG  
TIL RIMELEGE PRISAR

*Dekor- og Motivlakkering — Reparasjon av mindre skader  
Sal av motorolje, rekvisita m.m.*

## Jølster folkebibliotek

Opningstider ved avdelingane

### Hovudbiblioteket på Skei

Onsdag kl. 17.30 - 20.30

Torsdag kl. 13.00 - 17.00

Barnetime torsdag kl. 14.00 - 15.00

### Avdeling Vassenden

Måndag kl. 17.30 - 19.30

Onsdag kl. 10.00 - 12.00

Barnetime onsdag kl. 15.00 - 16.00

### Avdeling Sørsida (Myklebust grendahus)

Torsdag kl. 16.00 - 18.00

### Avdeling Ålhus (Borja)

Måndag kl. 16.00 - 18.00

A/S **LEFI** BAKST  
TLF. (057) 27 252

6840 VASSENDEN

## FIRMA GUNNAR HYLDERÅS

ASSOTERT LANDHANDEL  
MEDISINUTSAL — TIPPING

SANDAL TLF. 27 656



Medlem av  
Norske Murmestres  
Landsforening

## JOSTEIN VIKEN

- autorisert murmester -

6850 SKEI I JØLSTER — TLF. 057 - 28 194

**A.K.**  
*Sünde*

## DAGLEGVARER

6855 ÅLHUS

TLF. (057) 27 708

«Turisthotellet i sydenden av Jølstravatnet»



Hotell for  
ferie og  
konferansar

Fisking - Segling  
Vannski, Vindsurfing  
Sightseeing

VELKOMMEN!

**VASSENDEN HOTELL**

Jølster, 6840 Vassenden, tlf. 27 300

ALT I TRYKKSAKER

**EKO-Trykk A.s**

Kronborg - 6800 Førde Tlf. (057) 22 884



Alle typar  
elektroinn-  
stallasjonar og  
servicearbeid

**Kvalitetsvarer på bestilling!  
Kontakt oss om:**

- **BELYSNING**
- **VARME**
- **KVITEVARER**  
(komfyrer, kjøle-/fryseskap, vaskemaskiner o.l.)
- **SMÅARTIKLAR**
- **MOTORAR**
- **RESERVEDELAR**

Inst. Sverre Årdalsbakke  
Skei - Tlf. 28 135

# HAIN

TLF. (057) 27 325

**6840 VASSENDEN**

Mekanisk verkstad

Reparasjon av Landbruksmaskiner  
og utstyr

Sveising — Stålkonstruksjoner

Porter — Platearbeid

Reparasjon av graveskuffer  
og hjullasterskuffer

Gravemaskiner — Dumpers  
Hjullaster mm.

Forhandlar av gravetenner,  
frontstykker og vendbare tenner

*Ring eller kom, vi står til teneste*



**KVERNELAND**

**=4.800 kr. mindre i skatt!**



MÅLRETTE SPARING I:



**SUNNFJORD SPAREBANK**  
JØLSTER

